


ETTERTANKE OG BØN

27.NOVEMBER 2020

Dagens norske kommune: Gjemnes i Møre og Romsdal



Innbyggjartal: 2629. Folketalet har vore dalande over mange år, men steig med 18 i fjor pga innvandring. Befolkninga har høg gjennomsnittsalder, og det er eit underskot på kvinner i reproduktiv alder.
Kommunesenter: Batnfjordsøra.
Ein kommune prega av fjord og fjell.
Næring: Jordbruk, skogbruk og industri (lakkproduksjon).

Kristenliv: Det er to kyrkjer i kommunen, Gjemnes kyrkje og Øre kyrkje, samt eitt kapell, og eitt bedehus (Torvikbukt). Det ser ut til å vera god aktivitet i desse husa. Anfinn Skaaheim, mangeårig generalsekretær i Indremisjonen, kom frå Gjemnes. Han er heime hos Herren no.

Gode Gud! Sjå i nåde til Gjemnes kommune. Må riket ditt gå fram mellom dei som bur der. Styrk, forny og utrust dei kristne i kommunen. Styrk kyrkjelydsfellesskapet. Hjelp dei truande å disippelgjera befolkninga elles. Må næringslivet blomstra, og nye menneske flytta til kommunen, og me ber om ein betre kjønnsbalanse i befolkninga. Velsign dette samfunnet med godt leiarskap på alle nivå. Me ber om gode og lønsame bruk og bedriftar, og om god kommuneøkonomi. Amen!

Dagens unådde folkeslag: Kurdarar i Tyrkia




Det er nesten 9 millionar kurdarar i Tyrkia. Dei er muslimar, og snakkar kurmanji. 0,01% av dei er kristne. Kurdarane i Tyrkia er eit fridomselskande folk. Men dei har hatt vanskar med å samla seg om eit felles program å slost for. Dei tyrkiske styresmaktene ser på dei som ein trussel, og følgjer dei med argusaugo. Overgrep mot kurdarane har vore, og er, mange. Dessutan er dei diskriminerte på mange områder. Tyrkarane vil sveikka kulturen deira og assimilera dei mest mogeleg og rett og slett gjera dei tyrkiske. Men dei har ikkje lukkast så godt med det, og sidan 1965 har det vore ei kulturell oppvaking mellom kurdarane, ikkje minst på den måten at dei i det daglege

meir og meir brukar sitt eige språk både i skrift og tale. Kurdarane i Tyrkia er for det meste fattige, og er henvist til å drive jordbruk i heller karrige områder.

Det nye testamentet er no omsett til kurmanji.

Far i himmelen! Sjå i nåde til kurdararane i Tyrkia. Send arbeidrarar til dei som kan fortelja dei om Jesus, og planta kyrkjelydar mellom dei. Me ber om at dei skal få erfara at Jesus er ein levande Herre og frelsar som dei kan be til og få svar. Gjer dei ivrige etter å lesa i NT på kurmanji, og hjelp dei å forstå det dei les. Lat ditt gode ord transformera desse menneska, ta ut alt hat frå hjarto deira og gjera dei til eit folk som strålar av din herlegdom. Minnar deg om Salme 72,11 der du seier at «alle folk skal tena han (Messias)». Amen!

Martyrkyrkja. Sveitsisk misjonær i Mali drepen av Al Qaida



Beatrice Stockli vart kidnappa av Al Qaida i Mali i januar 2016. No kjem det meldingar ut om at ho vart drepen for ein månad sidan. Kidnapparane hennar henne for å ha «lyst krig mot islam, og for å omvenda muslimar til kristendomen».

Herre, ei ny martyrsjel er komen heim til deg. Ein dag skal du hemna hennar blod. Me ber om trøyst for alle i Mali som elskar henne, og for familien hennar heime i Sveits. Må Beatrice sin død føra til liv for andre, det ber me om i Jesu namn. Amen!

Pakistan: Högsterett annulerete tvangsekteskap



Det er grunn til å gleda seg over at Högsterett i Lahore har annulert ekteskapet som Arzoo Raja var tvunge inn i. Retten konkluderte med at Arzoo er mindreårig, og kidnapparane er no tiltalte for å ha frårøva henne fridomen ,og «brudgomen» blir tiltalt for seksuelle overgrep-. Likevel er ikkje alt på stell. Av ein eller annan grunn vil ikkje Arzoo heim att til foreldra, og ho vil bli verande på den

verneheimen der ho har vore dei siste vekene. Der kan ho bu til ho er 18. No er ho 13. Men saka er den at desse verneheimane har ikkje noko godt rykte på seg, og det har vore mange

overgrep mot jenter også der. Det kan verka som om ho enno er under ein eller annan tvang.

Herre! Me ber om at du verner Arzoo mot alt vondt medan ho er i denne verneheimen, og me ber om at ho snarleg også skal sameinast med familien sin. Amen!